



**Saksprotokoll**

---

**Organ:** **Fylkesutvalet**

**Møtedato:** 08.04.2019

---

**Sak nr.:** 19/1670-5  
**Internt I.nr.** 21832/19

**Sak:** 24/19

**Tittel:** **Stortingsmelding 8 (2018-2019) Kulturens kraft.  
Kulturpolitikk for framtida. Innspel til Familie- og  
kulturkomitéen i Stortinget**

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til formuleringane for dei nasjonale kulturpolitiske måla som er skissert i St.meld 8 (2018-2019) *Kulturens Kraft. Kulturpolitikk for framtida.*
2. Slik Sogn og Fjordane fylkeskommune les kulturmeldinga, vert det frå Regjeringa si side i svært liten grad lagt opp til overføring av oppgåver frå staten til fylkeskommunane på kulturfeltet gjennom denne meldinga. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber difor om at Stortinget sin Familie- og kulturkomité, i si handsaming av meldinga, følgjer opp «Hagen-utvalet» sine forslag om overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune utfordrar komitéen til å vere dristige og nytenkjande, og til å sjå moglegheitene som ligg i demokratisering og maktspreiing, og å ta i bruk kunst- og kulturfagleg kompetanse i heile landet på ein ny måte. Fylkeskommunane har god kompetanse, og er klar til å ta over nye oppgåver.
4. Prinsippet om at budsjettmidlane følgjer ansvar og oppgåver må ligge til grunn for oppgåveoverføringa.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune forventar at staten inngår eit forpliktande samarbeid med fylkeskommunane; gjerne via KS, for snarleg overføring av oppgåver på kulturfeltet til fylkeskommunane. Samarbeidet må utviklast til ein tett og systematisert dialog for å utvikle den nasjonale kulturpolitikken.